

KONTAKTEN

Kontaktorgan Vik skule Nr. 1 2020-2021 Årgang 47

NYTT SKULEÅR

Me er alt godt i gong med nytt skuleår. Me har ein flott gjeng med elevar og alle får nå vere i saman ute i friminuttane. Det er godt stemning og kjekke dagar. Me vil ønske ekstra velkommen til dei trivelege 1. klassingane Tomine, Egil, Theo og Kuba.



TURDAG TYSDAG 22.09.20

Alle elevane møter på skulen til vanleg tid.

Turane i haust er slik:

- 1.-4. klasse skal gå Bakkjen – Årvik – Kvamsåsen - Alna –Skulen
- 5.-7. klasse skal gå Skulen- Trollanibbå - Longavatnet- Skulen.

På turen må du ha med deg mat og drikke. Ein sjokolade er også god å ha på tur, men chips, smågodt og liknande tek me ikkje med oss. Hugs å ha godt fottøy og kle deg etter det været som er.

BARNEHAGE- OG SKULEBRUKSPLAN

Som de veit er det utarbeida ny barnehage- og skulebruksplan for Vindafjord kommune. Norconsult har utarbeidd rapporten og kome med tilrådingar, og dei hadde ein presentasjon av dette på kommunestyremøte 31. august. Dersom kommunestyret vel å følge Norconsult sine tilrådinga vil det føra til store endringa i mange av bygdene i Vindafjord.

FAU vil jobbe med saka og skrive ein høyringsuttale. I prosessen vil føresette bli invitert med og involvert i arbeidet.

Høyringsfristen var eigentleg sett til 13. oktober. Det er nå bestemt at det blir gitt lenger høyringsfrist og møte/ kontordagar som var planlagt ute i alle bygdene er utsett til seinare på hausten. Me har ikkje fått møtedatoar for desse ennå.

Barnehage- og skulebruksplanen, vedlegg om forskning frå barnehage og skule og presentasjonen som var i kommunestyret 31. august ligg på Vindafjord kommune si heimeside under: Oppvekst, skule og familie - Nytt frå oppvekst.

<https://www.vindafjord.kommune.no/oppvekst-skule-og-familie/nytt-fra-oppvekst/>

Når ein går inn på

09.09.20 - Ekstern rapport barnehage - og skulebruksplan

finn ein lenke til å skrive høyringsuttale. Både enkeltpersonar og organisasjonar kan skrive uttale og sende inn.

Etter at høyringsprosessen er fullført vil det bli utarbeidd ei politisk sak med tilrådingar frå Rådmannen. Den blir basert på barnehage- og skulebruksplanen, Norconsult sine tilrådingar og innspel som er kome i høyringsrunden.

COVID-19

Me får med jamne mellomrom rettleiingar om covid-19 og info om endringar i smittevernreglar. Me sender då desse ut til føresette på e-post. Dersom nokre av dykk ikkje har fått desse er det fint om de sender e-post adr. til oss.

Regjeringa har laga ei samleside med informasjon om korona som foreldre treng å vite. Ein kan finne sida her:

www.regjeringen.no/foreldreinfo

SFO

I år er det 8 barn som har fast plass på SFO. SFO er om morgonen etter behov, og frå skulen sluttar til kl. 16.30 alle dagar. SFO følgjer skuleruta og er stengt på planleggingsdagar. Som oftast kan me ta imot barn som ynskjer ekstra opphald. Prisen er kr. 43,- pr. time + kr.15,- i matpengar. Ta kontakt med Berit på tlf. 53655735/ 90515628 for avtale.

FAGFORNYINGA – NYE LÆREPLANAR

Dei nye læreplanene blir innført trinnvis over en periode på tre år.

Skuleåret 2020–21 tar 1.–9. trinn og Vg1 i bruk nye læreplanar.

Skuleåret 2021–22 tar 10. trinn og Vg2 i bruk nye læreplanar.

Skuleåret 2022–23 tar Vg3 i bruk nye læreplanar.

Me er nå godt i gang med å undervise etter dei nye læreplanane. For oss i grunnskulen er faga dei same, men ein del av innhaldet er endra. Det nye læreplanverket har mellom anna tre tverrfaglige temaer. Det er

- demokrati og medborgarskap
- bærekraftig utvikling
- folkehelse og livsmeistring

Dette er ikkje eigne fag, men samfunnsaktuelle temaer som går inn i læreplanane og er ein sentral del av kompetansen i faga.

TREFFTID FOR HELSESJUKEPLEIAR

Malene R. Vestbø er ny helsesjukepleiar på Vik skule.

Det blir trefftid/ samtaletid **3 tysdagar i månaden kl. 10.00-14.00.** Både elevar og føresette kan nytte denne tida.

Elevane kan komme innom om dei har spørsmål om noko t.d. trivsel heime eller på skulen, mat, drikke, fysisk aktivitet, venner, pubertet, vekst, mennessmerter, mobbing, søvn, uro for noko/nokon, sjukdom, masse tankar, osv. Helsesøster har taushetsplikt, men må ta kontakt med andre om det er fare for liv og helse. Elevane treng ikkje å ha avtalt tid for time, men det er greitt om føresette avtalar tid på førehand.

Datoar der helsesjukepleiaren ikkje er hos oss og tidspunkt for vaksinerings og temaundervisning står på lista under.

Tlf. til Malene: **907 22 059**

Mail: malene.risoy.vestbo@vindafjord.kommune.no



22/09 – Ikkje helsesjukepleiar

24/09 – Vaksinerings MMR og HPV, frå skulestart.

20/10 – Ikkje helsesjukepleiar

17/11 – Ikkje helsesjukepleiar

08/12 – Undervisning i psykisk helse (7.klasse), frå skulestart til ca. 12:00. Samtaletid etterpå.

15/12 – Ikkje helsesjukepleiar

MJØLK OG FRUKT

Mjølke og frukt kan bestillast på www.skolelyst.no og www.skolefrukt.no

KLASSEKONTAKTAR OG FAU



Alle føresette er med i foreldrerådet og klassekontaktane er med i FAU (foreldrerådet sitt arbeidsutval).

FAU hadde møte 27.08 og det var då val til ulike verv.

Namn	Klassekontakt for	Funksjon / representant i
Even Jacobsen	1.kl.	Medl. i skulemiljøutvalet
Mona Aksdal	2.kl.	Skrivar
Roger Bauge	3.kl.	Medl. i kommunalt kontaktutval
Elisabeth Julsrud	4.kl.	Medl. i SU
Knut Øvstedal	5.kl.	Medl. i kommunalt kontaktutval
Elin Sætre	6.kl.	Leiar i FAU og medlem i SU
Ole Petter Bjerga	7.kl.	

Kalender hausthalvåret 2020

21.09.	Elevfri Planleggingsdag for tilsette.
22.09.	Turdag for alle elevane
29.09.	Møte i SU Kl. 18.00
02.10.	Fellessamling. Ansvar 7. klasse.
05.10-09.10	Hautferie
26.10.	Elevsamtalar med alle elevar i veke 44 og 45
04.11.	Fellessamling. Ansvar 3. – 4. klasse.
13.11.	Elevfri Planleggingsdag for tilsette.
27.11.	Me tenner julegrana kl. 09.00
10.12.	Juleverkstad og julegraut
17.12.	Julefest på bygdauset kl. 18.00 – 20.30.
18.12.	Siste skuledag før juleferien.
04.01.21	Første skuledag etter juleferien

Tlf. og e-post Vik skule og barnehage

Hovudnr. (rektor)	53 65 57 30/ 92241257	Arbeidsrom (lærer)	53 65 57 33
SFO	53 65 57 35	Barnehage	53 65 57 39
Anni (ty + to)	53 65 57 32		

Anne.Marte.Waage.Tveit@vindafjord.kommune.no
Anni.E.Hetland@vindafjord.kommune.no